

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - Arbeidsdokument 2/20

I det andre arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2020 har fylkesrådmannen fokus på følgende moment:

- Innleiing
 - Utgangspunkt for økonomiplan 2021-2024
 - Utviklinga i 2020
 - Økonomiske utfordringar i planperioden
- Investeringsbudsjett
 - Utgangspunkt for 2021- 2024
 - Gjeldsgrense
 - Reduksjonar i gjeldsnivå
 - Finansiering
 - Føresetnader for justering av investeringsnivå
 - Investeringsbudsjett 2021-2024
- Rammevilkår for driftsbudsjettet
 - Frie inntekter - skatt og rammetilskot
 - Kapitalutgifter/ kapitalinntekter
 - Konesjonskraftinntekter
- Driftsbudsjett
 - Utgangspunkt og rammejustering
 - Sektorbudsjett og rammereduksjon på 100 mill. kr
 - Oversyn over sektorane
 - Koronapandemien etter 2020
 - Administrativt effektiviseringsprogram
 - Utgreiingsområde
 - Oppsummering av driftsdelen i økonomiplanen
- Neste møte i finansutvalet

1 Innleiing

Utgangspunkt for økonomiplan 2021- 2024

Forslaget til økonomiplan for 2021-2024 for Vestland fylkeskommune byggjer på Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 som fylkestinget vedtok i desember 2019. Det er vedteke at det skal utarbeidast økonomiplan til fylkestinget i juni. Økonomiplanen skal gje budsjetterammer for det komande budsjettåret og visa sektorvise endringar i rammene komande fireårsperiode. Plandokumentet er overordna og meint som eit utgangspunkt for den politiske prosessen ein skal ha for budsjettarbeidet gjennom året, med finansutvalet som det leiande politiske organet for dette arbeidet.

I dokumentet har difor fylkesrådmannen vist til kva tiltak som er naudsynte for å nå vedteke målsetjingar og driftstilpassingar. Fylkesrådmannen viser her til at finansutvalet har vedteke å halde lånegjelda innanfor ein gjeldgrad på 115 % (lånegjeld/driftsinntekter). I økonomiplanen som

fylkestinget vedtok i desember 2019, er det vidare føresett reduksjon i driftsrammene med 100 mill. kr kvart år i perioden.

Fylkesrådmannen har som utgangspunkt for budsjettprosessen lagt til grunn fordeling av budsjettreduksjonen etter sektorstorleik og omtalen er knytt til løyvingnivå som er det politisk vedtekte budsjettnivået.

Plandokumentet vert lagt fram for alle hovudutvala og finansutval, fylkesutval og fylkesting. Hovudutvala kan på denne måten gje signal til den vidare politiske prosessen i finansutvalet.

Kommuneproposisjonen 2021 frå regjeringa vert lagt fram 12. mai. I kommuneproposisjonen gjev regjeringa signal om kva rammer kommunesektoren kan rekna med det komande året. Arbeidsdokumentet er sendt til uttale til hovudutvala før kommuneproposisjonen er kjent. Fylkesrådmannen vil supplere arbeidsdokumentet med eit tilleggsnotat med opplysningar som kjem fram i kommuneproposisjonen.

Utviklinga i 2020

Rekneskapane for 2019 for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er no reviderte og vert handsama i kontrollutvalet 11. mai før endeleg handsaming i fylkestinget 9. juni. Dei to rekneskapane er samla gjort opp med overskot på 183 mill. kr.

Rapportering etter 1. kvartal 2020 pågår no. Supplert med utviklinga i april, vil dette arbeidet vere grunnlag for tertialrapport ved utgangen av 1. tertial til fylkestinget i juni. Koronakrisa vil sjølvsagt ha stor innverknad på tertialrapporten. I særleg grad gjeld dette kollektivtrafikkinntektene som viser stor nedgang. Det same gjeld inntektene i tannhelsesektoren.

Førebels viser rapporten ein prognose med negativt budsjettavvik på opp mot 700 mill. kr for 2020. I prognosen er det rekna inn at Stortinget så langt har kompensert Vestland fylkeskommune for inntektsbortfallet i kollektivtrafikken med 110 mill. kr. Det er løyvd 1 mrd. kr i kompensasjon til fylkeskommunane samla. Ytterlegare kompensasjonstiltak frå sentralt hald vil vere heilt avgjerande for å betre situasjonen. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i tertialrapporteringa.

Økonomiske utfordringar i planperioden

Ved budsjetthandsaminga for 2020 stod Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring på nær 500 mill. kr.

I gjeldande økonomiplan er det lagt opp til å løysa utfordringa med årleg innsparing på 100 mill. kr i perioden, men den årlege innsparingssummen var ikkje fordelt på sektorane. Ved gjennomgang av budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 har Kommunaldepartementet merka seg dette. I brev til Vestland fylkeskommune har departementet meldt at dette er i strid med regelverket der det er fastsett at innsparingssummen i økonomiplanen skal fordelast på ulike sektorar. Fylkesrådmannen har i arbeidsdokumentet lagt opp til at innsparingssummen vert fordelt på sektorane kvart av åra i økonomiplanperioden.

Finansutvalet tek orienteringane om utviklinga i 2020 og økonomiske utfordringar i planperioden til vitande.

2 Investeringsbudsjett

Utgangspunkt for 2021- 2024

Utgangspunkt for investeringsbudsjett for kommende økonomiplanperiode 2021- 2024 er vedteke investeringsbudsjett for inneverande periode 2020- 2023. Dette fyrste investeringsbudsjettet for Vestland fylkeskommune vart til gjennom ein prosess der dei vedtekne investeringane i dei to gamle fylka vart slått saman. Utover det vart nokre av prosjekta og fleire sekkepostløyvingar flytta eit år ut i planperioden. Dette betra salderingsbalansen for Vestland i 2020.

Under er tabell med vedteke investeringsbudsjett for inneverande økonomiplan- periode; 2020- 2023. Investeringane er fordelt pr. sektor;

Sektorar / mill kr	2020	2021	2022	2023	Totalt 2020- 2023
Fylkesveg, inkl. tunellar og rassikring	2 362,6	3 265,3	3 563,2	3 255,3	12 446,3
Kollektiv, inkl. bybane	2 421,8	1 927,9	1 076,6	265,4	5 691,7
Opplæring	762,2	862,6	1 055,8	1 113,2	3 793,8
Fellesfunksjonar	359,8	457,4	474,4	72,4	1 364,0
Tannhelse	28,6	35,8	25,6	26,1	116,1
Regional utvikling	11,0	10,0	10,0	10,0	41,0
Kultur	7,8	45,0	28,0	3,0	83,8
SUM	5 953,8	6 604,0	6 233,5	4 745,4	23 536,7

Gjeldsgrense

Vestland fylkeskommune har vedteke fleire finansielle måltal. Det følgjer av ny kommunelov at fylkestinget pliktar å ha ei økonomiforvaltning som inkluderer utvalde finansielle måltal. Dette for å kunne følgje utviklinga i fylkeskommunen sin økonomi. Det vart vedteke at gjeldsgrad skulle vere eit av desse måltala. Dei andre var netto driftsresultat, rente- og avdragsbelasting og disposisjonsfond.

I førre møte i finansutvalet i mars vart det gjort eit prosessvedtak om at ein skulle gjere bruk av denne handlingsregelen i det vidare budsjettarbeidet;

Finansutvalet godkjenner at følgjande måltal/handlingsreglar vert lagt til grunn for arbeidet med budsjett og økonomiplan:

Netto driftsresultat: 4 %

Gjeldsgrad: 115 %

Disposisjonsfond: minimum: 5 %

Finansutvalet godkjenner at 50 % av rekneskapsoverskotet skal gå til å erstatte låneopptak.

Reduksjonar i gjeldsnivå

Med dei investeringane og låneopptaka som ligg inne i budsjett 2020 / økonomiplan 2020-2023 vil netto gjeldsgrad utvikle seg om lag slik:

Utvikling gjeldsgrad	2019	2020	2021	2022	2023
Gjeldsgrad	99,5 %	104,6 %	113,0 %	124,8 %	133,1 %
Reduksjon lån årleg / mill. kr				-1 398,4	-1 276,5

Her er og sett opp reduksjonar i låneopptak som må til for å kunne halde seg innafor det vedtekne gjeldstaket på 115 %. Av tabellen går det og fram at investeringane vil måtte reduserast med samla 2,7 mrd. kr; 1,4 mrd. kr i 2022 og 1,3 mrd. kr i 2023.

Reduksjonane må i denne samanhengen koma i den delen av investeringane som fylkeskommunen sjølv finansierer. Dette ettersom desse investeringane påverkar lånegjelda, og at det er denne som verkar inn på gjeldsgraden.

Finansiering

Finansieringskjelder / mill kr	2020	2021	2022	2023	Totalt 2020- 2023
Bompengar	1 296,0	1 559,7	1 227,2	686,3	4 769,1
Tilskot	1 196,8	988,1	562,6	112,7	2 860,2
Mva-kompensasjon	603,4	812,5	901,7	789,4	3 106,9
Driftsmidler	537,0	537,0	537,0	537,0	2 148,0
Fond	524,1	571,4	29,1	7,5	1 132,1
Sal	50,0	0,0	150,0	150,0	350,0
Unyttå lånemidler tidlegare år	111,0	0,0	0,0	0,0	111,0
Lånemidler	1 635,5	2 135,4	2 826,0	2 462,5	9 059,4
Sum finansiering	5 953,8	6 604,0	6 233,5	4 745,4	23 536,7

Tabellen over syner korleis vedteke investeringsbudsjett er finansiert, og kva type finansieringskjelder det inneheld.

Ein stor del av bompengefinansieringa dreier seg om utbygginga av Bybanen til Fyllingsdalen. Utover det, ligg det bompengar inne i dei større vegpakkane.

Ein stor del av det som ligg under tilskot i finansieringa av investeringsbudsjettet dreier seg om statstilskot til utbygginga av bybanen, og til vognmaterieil til same prosjekt. Det ligg også inne ein stor budsjettert sum i form av tilskot frå Enova. Dette er knytt til utbygging av infrastruktur som følgje av overgangen til elektriske ferjer. Tabellen syner at summen av slik finansiering går ned mot slutten av perioden i samband med at desse utbyggingane er ferdige.

Investeringsfinansiering med driftsmidler dreier seg i hovudsak om rassikringsprosjekt, men gjeld og tunnelutbetring. Fondsmidler er midlar som i økonomiplanen for tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune var sette av til finansiering – heilt eller delvis – av investeringsprosjekt. Sal dreier seg om ulike bygningar og eigedommar, det aller meste innan opplæring, som vert seld når ein bygger nytt.

Det vil ikkje gje verknad opp mot gjeldsgraden å gjere grep i høve til prosjekt som i hovudsak er finansiert anten med bompengar eller med eksterne tilskot. Det vil heller ikkje bidra å gjere noko med dei prosjekta eller vegpakkane der einaste fylkeskommunale bidrag i all hovudsak er mva-kompensasjon. Prosjekt som kjem inn under ferjeavløysingsordninga aukar gjeldsbyrda til fylkeskommunen, men delar av finansieringskostnaden vert dekkå.

Nedst i tabellen er naudsynt låneopptak sett opp for vedteke investeringsbudsjett. Det er denne storleiken som må reduserast for at VLFK skal få ein lågare gjeldsbyrde og halda seg innanfor grensa for gjeldsgrad. Dette kan berre gjerast ved å budsjettere med eit lågare investeringsnivå enn det som no er vedteke. Samstundes med reduksjonar i investeringsnivå og låneopptak er det viktig at ein held på same nivået på fonds- og driftsmidler i investeringsbudsjettet. Dersom ein reduserer på drifts- eller fondsmidler til investering så vil det fordre enno større reduksjonar i investeringsnivået for å nå målet om lågare gjeldsgrad.

Korona og motkonjunkturmidlar

Det er å nemna at VLFK kan kome til å få finansiering til nokre av investeringane sine frå staten gjennom såkalla motkonjunkturmidlar. Desse midlane skal kunne brukast på prosjekt som kan setjast i verk raskt, og som har sysselsetjingseffekt. Både innan fylkesveg- og skulebyggdelen av investeringsbudsjettet er det prosjekt som kan vera aktuelle, og som er plan- og kontraktmessig klare.

Føresetnadar for justering av investeringsnivå

For å unngå gjeldsoppbygging utover handlingsregelen krev det at prosjekt som er eigenfinansierte gjennom lån anten får reduserte kostnader, vert skyvd ut i tid eller vert tekne ut av budsjettet denne perioden.

Dei tre store områda innan investeringsbudsjettet er; fylkesveginvesteringar, bygginvesteringar og investeringar innanfor kollektivsektoren. Det er stor skilnad på korleis investeringane på desse områda er finansiert. Eigenfinansiering gjennom låneopptak er fordelt slik i vedtekne investeringsbudsjettet; fylkesvegar 5,5 mrd. kr, byggeprosjekt 3,0 mrd. kr og kollektiv 0,5 mrd. kr. Dei 0,5 mrd. kr innan kollektiv er i stor grad knytt til elektrifisering av ferjer, og dette prosjektet vil vere ferdig tidleg i planperioden.

Ei overordna vurdering av kva som er mogleg å få til er at om lag 2/3 av reduksjonen i låneopptak må kome innan fylkesveginvesteringane og resterande 1/3 av reduksjonen innanfor bygginvesteringane. For kollektivområdet er det ikkje teke høgde for nye prosjekt som krev større eigenfinansierte investeringar, som t.d. overgang til fleire nullutsleppskontraktar i den komande planperioden.

Investeringsbudsjett 2021- 2024

Under er tabell med utgangspunkt for investeringsbudsjett for komande økonomiplanperiode 2021- 2024. Dette opplegget er i tråd med ein gjeldsgrad på 115 %.

Sektorar / mill. kr	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fylkesveg, inkl. tunl og rassk.	10 369 526	2 681 681	2 991 388	2 720 728	1 975 729
Kollektiv, inkl. bybane	3 519 500	1 926 000	1 074 700	263 500	255 300
Opplæring	3 292 673	586 123	779 250	911 700	1 015 600
Fellesfunksjonar	1 084 100	462 900	465 900	82 900	72 400
Tannhelse	88 100	30 500	19 200	19 200	19 200
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
SUM	18 465 899	5 700 204	5 343 438	4 031 028	3 391 229

Under er det ein kort gjennomgang på dei ulike områda. Her vil mogelege endringar i høve til det som låg i det vedtekne investeringsbudsjettet for 2020- 2023 framkome. Under denne gjennomgangen vil det vere tabellar der årlege summar for kvart prosjekt er sett opp. Når det gjeld prosjekt som er skyvd tidsmessig på er det skilnad på om prosjekt har forseinka framdrift eller om det dreier seg om ei utsetjing av prosjektet frå fylkeskommunen si side grunna mål om lågare investeringsnivå og gjeldsgrad.

Fylkesveg, inkl. tunellar og rassikring

Samanlikna med vedteken plan for 2020- 2023 er det i dette opplegget som utgangspunkt for kommande planperiode vurdert mogelege endringar på området for fylkesveg på samla 1,6 mrd. kr for åra 2021- 2023. Dei endringane som vert vurdert kan oppsummerast slik:

- Prosjekt som utgår
 - Fv. 218 Horsøy
Dette prosjektet utgår då det er stor uvisse rundt prosjektet og kostnadsramme. Prosjektet har heller ikkje same forankring i Askøy kommune som det hadde då prosjektet kom inn i investeringsbudsjettet.
 - Framtidige store strekningsvise prosjekt for perioden 2020- 2023
 - Framtidige bruinvesteringar for perioden 2020- 2023

Tidlegare har det vore ein større sum på slutten av planperioden til nye større prosjekt og framtidige bruinvesteringar. Grunna behovet for eit lågare investeringsnivå er dette ikkje lenger teke høgde for i kommande planperiode.

- Større prosjekt som er skyvd ut til etter planperioden
Hovudgrepet for å klare å få ned investeringsnivået vil vere å skyve på nokre av dei større strekningsvise fylkesvegprosjekta som ligg inne.
 - Fv. 614 Svelgen – Indrehus
Dette er ein utsetting av det opphavelig prosjektet som ligg inne i vedteke budsjett (Mindre løyving 2024).
 - Atløysambandet
Utsett (Mindre løyving 2024)
- Andre forskyvingar
 - Ytre Steinsund - framdrifta i prosjektet er forskyvd med mellom 1 og 2 år. Forskyvinga er ei forseinking som skuldast søknad om ferjeavløysingsmidlar. Ikkje ei utsetjing frå fylkeskommunen si side.
 - Fv. 611 Sæle – Engebø – framdrifta i prosjektet er forskyvd med 1 år. Forskyvinga er ei forseinking grunna manglande avklaring rundt gruvedrift i dette området. Ikkje ei utsetjing frå fylkeskommunen si side.
 - Fv. 7 Øystese-Ålvik-Granvin er skyvd fram med mellom 1 og 2 år. Raskare framdrift for naudsynte punktutbedringar.
- Påplussingar
 - Gang-/sykkelvegprosjektet Brandsøy – Solheim er sett opp med løyving som tilsvarar fullføring av heile prosjektet.
- Nye behov
 - Utstyrskjøp for Infrastruktur og veg
Den nye sektoren har behov for noko kjøp av utstyr som er av investeringskarakter.
 - Mva. refusjon
Det er behov ein mindre sum til refusjon - justerings mva til ulike vegprosjekt.
- Uendra
Desse områda og prosjekta er i prinsippet uendra i høve til det som ligg i inneverande planperiode.
 - Innanfor området for mindre utbetringar har spleiselag eit noko lågare nivå, men elles er dette området vidareført på same nivå.
 - Bompengepakkar
Noko endring i framdrift, men elles vidareføring av vedteke prosjekt. Framtidige bompengepakkar som tidlegare låg på 2023 er no fordelt på alle åra i planperioden.
 - Området for tunnelrehabilitering er i prinsippet vidareført i perioden 2020-2024.
 - Bruer og kaiar
 - Fv. 698 Blaksetunnelen
 - Fv. 564 Austevollbrua
 - Fv. 161 Åsen – Helleskaret
 - Fv. 57 Dale – Storhaug
 - Gang- og sykkelveg
Forutan Fv. 548 Brandsøy – Solheim, så er det ingen vesentleg endring på prosjekta som ligg inne
 - Trafikktryggingstiltak
 - Kollektivtrafikktiltak
 - Miljø og service
 - Planprogram
 - Refusjonar

- Grunnerverv
- Refusjonar
- Grunnerverv / avslutting av prosjekt
- For rassikring er det grunna usikkerheit rundt framdrift for prosjektet Fv. 49 Tokagjelet gjort ein endring i framdrift. Forutan denne forskyvinga er dette området i hovudsak uendra.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Bompengepakkar	4 311 458	1 145 482	1 337 469	1 092 628	735 879
Byvekstavt. (Miljøløftet) fylkesveg eks BB	1 433 950	403 625	402 150	329 525	298 650
Bømlopakken	16 500	16 500			
Askøypakken	900 000	225 000	240 000	220 000	215 000
Nordhordlandspakken	844 808	218 957	245 919	218 203	161 729
Førdepakken	956 200	271 400	399 400	274 900	10 500
Framtidige bompengepakkar	160 000	10 000	50 000	50 000	50 000
Store investeringsprosjekt	784 300	93 400	341 000	336 800	13 100
Fv. 698 Blaksettunnelen	43 400	43 400			
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	727 800	50 000	341 000	336 800	
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	3 100	0	0	0	3 100
Ferjeavløysing - Atløysambandet	10 000	0	0	0	10 000
Fv. 218 Horsøy *)	0	0	0	0	
Framtidige store strekningsvise prosjekt	0			0	
Tunellrehabilitering	1 522 500	445 700	390 200	325 000	361 600
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	1 200 800	300 200	300 200	300 200	300 200
Sikringstiltak tunnelar	0	0	0	0	0
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	260 300	145 500	90 000	24 800	
Følgefønnstunnelen (Tunnelsikkerhetsforskrifta)	61 400				61 400
Mindre utbetringar	986 778	299 559	251 419	225 900	209 900
Fv. 564 Austevollbrua	20 978	10 659	10 319		
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	87 800	33 000	40 000	14 800	
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	113 000	20 000	23 000	30 000	40 000
Fv. 611 Sæle - Engebø	123 000	0	60 000	63 000	0
Fv. 57 Dale-Storehaug	61 900	61 900			
Bruer og kaier	258 400	102 600	41 800	41 800	72 200
Framtidige bruinvesteringar	0			0	0
Forsterkning	190 000	47 500	47 500	47 500	47 500
Strekningsvise utbet overordna fylkesveg	21 400				21 400
Mindre utbetringar (spleiselag)	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Øvrige mindre utbetringar	58 300	10 900	15 800	15 800	15 800
Prosjektering framtidige tiltak	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Gang- og sykkelveg	181 400	99 600	38 700	22 200	20 900
Gang og sykkel*)	114 800	49 100	23 900	20 900	20 900
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300	

Fv. 614 Breivika - Svelgen	5 200	5 200			
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	14 000	14 000			
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	43 500	30 000	13 500		
Trafikktryggingstiltak	138 000	34 500	34 500	34 500	34 500
Trafikktryggingstiltak	138 000	34 500	34 500	34 500	34 500
Kollektivtrafikktiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900
Kollektivtiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900
Kollektivknutepunkt Odda	0				
Miljø og servicetiltak	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Miljø og service	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Planlegging	90 800	21 800	23 000	23 000	23 000
Planprogram	90 800	21 800	23 000	23 000	23 000
Øvrig	264 550	74 600	71 100	63 100	55 750
Refusjonar	164 150	50 000	46 500	37 500	30 150
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	90 400	22 100	22 100	23 100	23 100
Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
Utstyrskjøp INV	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Skredsikring	1 977 740	439 040	476 000	569 600	493 100
Rassikring st. tilskot og MVA-komp.	620 800	81 600	89 200	210 000	240 000
Fv. 551 Krokalandet	290 000	80 000	80 000	100 000	30 000
Fv. 49 Tokagjelet	215 000		15 000	50 000	150 000
Fv. 722 Flovegen	250 300	133 100	82 200	35 000	0
Fv. 53 Ljoteli	125 000	90 000	35 000	0	0
Fv. 55 Bru over Esefjorden	472 000	51 200	174 100	174 100	72 600
Prosjektering mindre tiltak	2 000	500	500	500	500
FV. 5631 Øyni bru	2 640	2 640			
Sum investering fylkesveg	10 369 526	2 681 681	2 991 388	2 720 728	1 975 729

Kollektiv, inkl. bybane

Samanlikna med vedteken plan for 2020- 2023 er det for kollektiv ikkje vurdert å gjera større endringar. Det er berre vurdert mindre justeringar og den samla innsparinga med dette opplegget er 5,7 mill. kr for åra 2021 til 2023. Momenta på dette området for kommande planperiode kan oppsummerast slik:

- Det er sett av 30 mill. kr årleg dei neste 4 åra til ulike investeringstiltak på kollektivområdet. Desse investeringstiltaka dreier seg om ulike prosjekt innanfor utvikling av nye digitale plattformer, ulike integrasjonar av Skyss og Kringom og nye mobilitetstenester.
- For bybaneutbygginga er det ikkje gjort endringar. Nivået i førre planperiode er vidareført. For bybanevogner er det ein føresetnad at desse vert finansiert gjennom Miljøløftet.
- Vognmateriell til bybanestrekninga til Fyllingsdalen er føresetta finansiert innanfor rammene til byveksttalen.

- Det er ikkje teke høgde for investeringar på kollektivområdet som dreier seg om det grøne skiftet. Det er lagt til grunn at utbygging av ladeinfrastruktur for ferjene vil vere ferdig utbygd i løpet av 2020.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Mobilitet og kollektiv	5 782 900	1 926 000	1 074 700	263 500	255 300
Ferjekontraktar - ladeinstuktur	0	0	0	0	0
Investeringstiltak kollektivområdet 2024	120 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	113 300	18 900	94 400	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	3 179 600	1 848 400	921 600	204 800	204 800
Bybanen – Byggjesteg 5	82 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Terminalbygg/sjåførfasilitetar	24 600	8 200	8 200	8 200	
Sum investering	3 519 500	1 926 000	1 074 700	263 500	255 300

Bygg og eigedom

Samanlikna med vedteken plan for 2020- 2023 er det i dette opplegget som utgangspunkt for kommande planperiode for 2021- 2024 vurdert ein del moglege endringar. Desse moglege endringane gjev samla ein innsparing på 0,8 mrd. kr for åra 2021 til 2023. Endringane som vert vurdert kan oppsummerast slik:

- Prosjekt som utgår i planperioden
 - Laksevåg MBS vgs og Fagskule
Eige notat med grunngjeving for denne moglege endringa er vedlagt arbeidsdokumentet.
- Prosjekt som er forskyvd
 - Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy
Eige notat med grunngjeving for endringa er vedlagt arbeidsdokumentet. Notatet viser til sterk kostnadsauke og tilrår nye vurderingar før ein går vidare med prosjektet. I tabell under er opphavleg løyving for 2021 ført opp. I budsjettet for 2020 er det sett av 102,5 mill. kr.
 - Dale vgs – rehab / omb. verkstadbygg
Utsett framdrift med 2 år
 - Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg
Utsett framdrift med 2 år
 - Førde vgs./campus Førde
Byggjestart er utsett med om lag 0,5 år.
 - Sogn jord- og hagebr. - rehab. fjøs-og verkstad
Utsett framdrift med 2 år
 - Sogndal vgs - rehab badebasseng
Utsett framdrift med 2 år
 - Årdal vgs - rehab
Utsett framdrift med 2 år
 - Gulatinget
Utsett framdrift med 2 år, og berre lagt inn VLFK sin finansiering av prosjektet. Dette i påvente av statleg tilskot.
 - Stord vgs
Utsett framdrift med 1 år
Justert for noko meirkostnad
 - Fylkeshuset Leikanger - rehab
Forsinka framdrift i prosjektet med 1 år
 - Årleg løyving til tannklinikkar er sett ned med 5 mill. kr
 - Askøy vgs
Forsinka framdrift i prosjektet med 3 mnd.

- Påplussingar, uendra framdrift
 - Sogndal vgs avd. Kaup. og Vitensenter
Auka prosjektkostnad etter innhenting av tilbod.

- Nye behov
 - Skilting
Det er sett av 11 mill. kr til nye skilt for bygg i Vestland fylkeskommune.
 - Langhaugen vgs
Prosjektet ved skulen er utvida til og å innehalde ein ekstra parallell i musikk.
 - Årstad vgs
Nytt behov heng saman med framlegg om å ikkje byggje nytt på Laksevåg, men rive C-bygg og bygge nytt areal ved Årstad vgs. Dette er omtala i notat om Laksevåg som er vedlagt.
 - Sotra vgs
Prosjektet er uendra forutan at det er rekna inn eit noko ekstra areal til byggfag som tidligare er planlagt og lokalisert på Laksevåg.
 - Fagskolen i Hordaland (BMV-bygget)
Dersom det ikkje vert bygd på Laksevåg, vert ikkje BMV- bygget solgt, men rehabilitert og noko utvida.
 - Investeringar skulestruktur 2024
Midlar til investeringsprosjekt i skulesektoren.
 - Bømlo fiskerihamn
Det vert vist til fylkestings sak som omhandlar utbygging av fiskerihamn på Bømlo.

- Uendra
Desse prosjekta er i prinsippet uendra i høve til det som ligg i inneverande planperiode.
 - El-bilar
 - Fylkeshuset Bergen – Ombygging/opprusting
 - Gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg
 - IT-investeringar
 - Miljøprosjektet
 - Tilfluktsrom
 - Ombygging/rehab/mindre tilbygg
 - Utstyr og IT-investeringar på skulane
 - Bømlo vgs
 - Eid vgs - nytt undervisingsareal
 - Kvam nybygg fase 1
 - Mo og Øyrane - vassforsyning MO
 - Mo og Øyrane vgs - internat mm.
 - Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg
 - Måløy vgs - blokk A og D
 - Måløy vgs - ny akvahall
 - Skulebruksplan - planmidlar
 - Slåtthaug vgs
 - Åsane vgs
 - Tannklinikk Sogndal
 - Tannklinikk
 - Utstyr tannhelsetenesta
 - Restaurering av verneverdige f.k. bygg
 - Vedlikehald av fiskerihamner

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fellesfunksjonar	1 084 100	462 900	465 900	82 900	72 400
Eigenkapitalinnskott KLP	30 000	7 500	7 500	7 500	7 500
El-bilar	8 800	2 200	2 200	2 200	2 200
Fylkeshuset Bergen– Ombygg/oppr	800 000	400 000	400 000	0	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	77 000		15 000	32 000	30 000
Gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	26 500	9 500	8 500	8 500	0
IT-investeringar	130 800	32 700	32 700	32 700	32 700
Miljøprosjektet	0	0	0	0	0
Skilting, bygg	11 000	11 000	0	0	0
Tilfluktsrom	0	0	0	0	0
Opplæring	3 292 673	586 123	779 250	911 700	1 015 600
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	389 200	97 300	97 300	97 300	97 300
Utstyr og IT på skulane	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	577 000	180 000	240 000	157 000	0
Bømlo vgs	21 000	4 000	17 000	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	24 000	0	0	10 000	14 000
Eid vgs - nytt undervisningsareal	41 400	8 000	10 000	10 000	13 400
Fagskolen i Hordaland (BMV-bygget)	11 000	0	0	1 000	10 000
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	18 000	0	0	8 000	10 000
Førde vgs./campus Førde	768 000	10 000	200 000	260 000	298 000
Kvam nybygg fase 1	59 000	1 000	20 000	38 000	0
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	0	0	0	0	0
Langhaugen vgs	179 000	15 000	40 000	75 000	49 000
Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1 361	1 361	0	0	0
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	54 500	5 000	16 000	33 500	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	49 050	25 000	24 050	0	0
Måløy vgs - blokk A og D	57 000	30 000	27 000	0	0
Måløy vgs - ny akvahall	20 000	5 000	15 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	28 000	28 000	0	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 000	3 500	3 500	3 500	3 500
Skulestruktur - investeringar					18 000
Slåtthaug vgs	106 000	0	6 000	20 000	80 000
Sogn jord- og hagebr. - rehab. fjøs- og verkstad	4 000	0	0	0	4 000
Sogndal vgs - rehab badebasseng	7 000	0	0	2 000	5 000
Sogndal vgs avd. Kaup. og Vitensenter	81 562	81 562	0	0	0
Sotra vgs	212 000	0	16 000	16 000	180 000

Stord vgs	260 000	15 000	5 000	120 000	120 000
Årdal vgs - rehab	19 000	0	0	3 000	16 000
Årstad vgs	90 000	5 000	5 000	20 000	60 000
Åsane vgs	34 000	34 000	0	0	0
Tannhelse	88 100	30 500	19 200	19 200	19 200
Tannklinikk Sogndal	16 300	16 300	0	0	0
Tannklinikkar	35 000	5 000	10 000	10 000	10 000
Utstyr tannhelsetenesta	36 800	9 200	9 200	9 200	9 200
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
Gulatinget	20 000	0	0	20 000	0
Restaurering av vernev. f.k. bygg	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Oppgradering fiskerihamner	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Bømlo fiskerihamn	40 000				40 000
SUM	4 576 873	1 092 523	1 277 350	1 046 800	1 160 200

Finansiering av investeringar 2021- 2024

Tabellen viser kva låneopptak som er lagt til grunn i økonomiplanperioden. Dette er eit førebels overslag. Det kan bli justeringar, t.d. i fordelinga mellom bompengar og lån. Ein har vidare føresett at bruk av driftsmidlar og fond blir vidareført som i førre økonomiplan.

	mill. kr			
	2021	2022	2023	2024
Låneopptak	1 491	2 010	2 020	1 683
Netto gjeldsgrad	105 %	110 %	114 %	115 %

I tabellen er også teke med eit overslag over utviklinga i netto gjeldsgrad. I tillegg til låneopptak, vert gjeldsgraden påverka av inntektsutviklinga. Spesielt i 2020 er det uvisst korleis inntektene vil utvikle seg.

Det har vore naudsynt både å redusere / utsetje investeringar og å auke avdragsbetaling for ikkje å kome over 115 % i gjeldsgrad.

Finansutvalet stadfester tidlegare vedtak om gjeldsgrad på 115 % som utgangspunkt for investeringsprogrammet.

Finansutvalet legg for den vidare budsjettprosessen til grunn fylkesrådmannen si ramme for investeringsbudsjett innanfor vedteken handlingsregel.

3 Rammevilkår for driftsbudsjettet

Frie inntekter - skatt og rammetilskot

Dei to siste åra har regjeringa ikkje lagt opp til realvekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane. Inntil det eventuelt kjem nye signal, legg fylkesrådmannen til grunn nullvekst også for 2021. Ein har ført opp dei same inntektene som i førre økonomiplan.

Kommuneproposisjonen vert lagt fram 12. mai. Der vil ein få signal om kva inntektsutvikling regjeringa legg opp til for 2021.

Som følgje av korona-krisa, er det venta ein monaleg svikt i skatteinntektene i 2020. Fylkesrådmannen legg til grunn at staten kompenserer for dette ved å auke rammetilskotet.

Når staten skal leggje rammer for kommunesektoren i 2021, kan ein justere både skatteøre og rammetilskot slik at ein oppnår ønska nivå. Det som skjer i 2020, treng ikkje ha nemnande innverknad på dei frie inntektene i 2021.

Kapitalutgifter/-inntekter

Det har skjedd svært store endringar i rentesatsane i mars-april 2020. Norges Bank har sett ned styringsrenta frå 1,50 % til 0,25 %.

I økonomiplanen har ein teke utgangspunkt i marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor. Tidleg i april såg dette slik ut:

2021	2022	2023	2024
0,49 %	0,62 %	0,77 %	0,89 %

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet i tillegg til rentenivået. Ein har vidareført likviditetsprognosen som vart nytta i økonomiplanen 2020-23.

	mill. kr			
	2021	2022	2023	2024
Snittlikviditet	2 150	1 550	1 450	1 350

Likviditeten kan endre seg dersom fylkeskommunen ikkje får kompensert storparten av inntektstapa som ein ventar i 2020 som følgje av korona-krisa.

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

- Marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor i perioden
- Vestland fylkeskommune sine fastrenter/rentesikringar
- Forventningar om marginar på eksisterande lån og planlagde låneopptak

For nye lån er det lagt inn ein margin på 0,5 %.

I 2020-budsjettet sette ein ned avdraga med 175 mill. kr samanlikna med økonomiplanane for dei to fylkeskommunane. Ei av dei største utfordringane ein har når ein skal utarbeide ny økonomiplan er å unngå at lånegjelda aukar for sterkt. Fylkesrådmannen ser no ei moglegheit til å nytte sparte renteutgifter til å auke avdraga. Dette vil medverke til at ein kan halde netto gjeldsgrad under 115 %.

Ein legg førebels til grunn følgjande kapitalutgifter:

	2021	2022	2023	2024
Renteinntekter	26,2	22,4	23,7	24,4
Rentekompensasjon	12,4	14,5	16,0	16,6
Renteutgifter	232,9	225,5	247,2	256,6
Avdrag	700,0	800,0	930,0	1 060,0
Sum kapitalutgifter	894,3	988,6	1 137,5	1 275,6

I den førre økonomiplanen rekna ein med slike kapitalutgifter:

	2021	2022	2023	2024
Kapitalutgifter 2020-23	913,8	1 030,7	1 155,9	
Endring	-19,5	-42,1	-18,4	

Omrekna til faste 2020-prisar, vert kapitalutgiftene slik:

	2021	2022	2023	2024
Kapitalutgifter faste prisar	868,3	931,9	1 041,0	1 133,4

Det er nytta ein deflator på 3 %.

Konsesjonskraft

	2 021	2 022	2 023	2 024
ØP 2020-2023	172 000	167 000	167 000	167 000
Ny prognose:				
Tidl Sogn og Fj.	63 000	63 000	67 000	67 000
Tidligere Hordaland	87 000	94 000	98 000	98 000
Ny prognose	150 000	157 000	165 000	165 000
Endring	- 22 000	- 10 000	- 2 000	- 2 000

Ny prognose byggjer på prisar/eurokurs i marknaden pr 30 april. Den byggjer vidare på kjent mengde konsesjonskraft for 2020: 740 GWh. Dette er 30 GWh mindre enn i eksisterande økonomiplan grunna auka uttak frå Aurland kommune.

Eidfjordavtalen ligg inne med 22 mill.kr. kvart år.

Marknaden har dei siste 6 månadane har vore svært uroleg og hatt ein sterkt negativ utvikling, særskilt for år 2020 og til dels 2021. For 2020 har ei klart å avgrense «tapet» ved at ein hadde sikra vesentlege deler av konsesjonskraftmengda jfr sikringsstrategiane. For 2021 og utover har vi vore meir eksponert for prissvingingane, men prisane har til gjengjeld blitt gradvis betre.

Finansutvalet legg til grunn oversyna som gjeld skatt/rammetilskot, kapitalutgifter/-inntekter og konsesjonskraft som føresetnader for den vidare budsjettprosessen.

4 Driftsbudsjett

Utgangspunkt og rammejustering

Samla økonomisk utfordring ved starten av budsjettarbeidet for 2020 var på om lag 500 mill. kr. Fylkestinget vedtok å løyse utfordringa med årlege driftsreduksjonar på 100 mill. kr fram til 2024. Av den samla innsparinga på 500 mill. kr skulle 100 mill. kr vere knytt til administrativ effektivisering.

Den økonomiske situasjonen for Vestland fylkeskommune er krevjande og vil vere det i heile økonomiplanperioden. Det er ingen ynskeleg situasjon for den nye fylkeskommunen, men tilpassing av driftsnivået innanfor tilgjengelege økonomiske rammes er avgjerande for berekraftig drift på lang sikt. Fylkestinget sitt vedtak om årleg driftsreduksjon på 100 mill. kr er følgd opp i dette arbeidsdokumentet.

Fylkesrådmannen har gjennomgått budsjettet for 2020 med sikte på å justere sektorrammene for inneverande år før utrekning av ny ramme. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at fylkestinget sine endringar i samband med budsjetthandsaminga ikkje er å sjå på som eingongskostnader for 2020 ved vurdering av driftsrammene for 2021.

Kontraktskostnadane i kollektivsektoren endrar seg i åra i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen har teke omsyn til dette i rammejusteringa for denne sektoren.

Sektorbudsjett og rammereduksjon på 100 mill. kr

Eit viktig punkt i økonomiplandokumentet er fastlegging av sektorane sine budsjetttrammer. Budsjetttramma for første året i økonomiplanperioden vil vere grunnlaget for budsjettarbeidet fram mot endeleg vedtak i desemberstinget. Budsjetttrammene for dei siste åra i planperioden er også gjeldande. I arbeidet med spesifisering av komande års budsjett vil ein likevel ha ein ny gjennomgang av desse rammene i samband med budsjetthandsaminga i desember.

Fylkesrådmannen foreslår som utgangspunkt for finansutvalet sitt arbeid med å fastsetje sektorrammene å fordele rammereduksjonen på 100 mill. kr etter sektorane sin budsjettstorleik. I fordelinga er det likevel justert for at reduksjonen for nokre sektorar i 2020 var mykje større enn budsjettstorleiken skulle tilseie.

I tabellen nedanfor er ei oppsummering av korleis rammeendringane for sektorane vart i 2020. Ein starta opp med forslag om reduksjon på 100 mill. kr fordelt på sektorane. Under den politiske handsaminga vart det gjort ein del justeringar. Nokre område fekk påplussingar, medan det vart gjort ytterlegare kutt på andre område. Ein enda opp med samla rammekutt på sektorane på 90 mill. kr. Sentrale inntekter (skatt og havbruksfond) vart sett opp med 10 mill. kr.

	Opphavelg nedtrekk	Reduksjon	Auke	Faktisk nedtrekk
Org øk	- 7 000	- 11 670	-	- 18 670
Stratgi	- 1 000	- 400	50	- 1 350
Tannhelse	- 5 000	- 572	-	- 5 572
Kultur	- 3 000	- 1 296	9 870	- 5 574
Infrastruktur	- 6 000	- 600	5 100	- 1 500
Mobilitet	- 41 000	- 25 172	1 200	- 64 972
INN	- 1 000	- 1 886	7 750	- 4 864
Opplæring	- 36 000	- 13 474	41 100	- 8 374
Sum	- 100 000	- 55 070	65 070	- 90 000

Sektorane sin storleik er ulik om ein ser på brutto- eller nettobudsjettet. Dette heng saman med ulik storleik på inntektsbudsjettet for sektorane. I hovudsak er det Mobilitet og kollektiv og Tannhelse som skil seg ut i denne samanhengen. Fylkesrådmannen har teke omsyn til dette i utgangspunktet for fordeling av reduksjonen.

Fylkesrådmannen sitt utgangspunkt for fordeling av årleg budsjettreduksjon på sektorane vert etter dette slik:

	Framlegg 2021	Framlegg 2022	Framlegg 2023	Framlegg 2024	Totalt
Organisasjon og økonomi + felles	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Strategisk utvikling og digitalisering	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Tannhelse	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Innovasjon og næring	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Opplæring og kompetanse	37 000	37 000	37 000	37 000	148 000
Kultur, idrett og inkludering	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Mobilitet og kollektiv	37 000	37 000	37 000	37 000	148 000
Infrastruktur og veg	12 000	12 000	12 000	12 000	48 000
	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000

Oversyn over sektorane

Fylkesrådmannen viser nedanfor storleiken på sektorane og den årlege rammereduksjonen samanlikna med 2020-budsjettet. Fylkesrådmannen legg som utgangspunkt til grunn at sektorane i tillegg til rammereduksjonen også må dekke eventuelle meirkostnader frå 2020 til 2021.

Opplæring og kompetanse

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
3 468 210	-37 000	-74 000	-111 000	-148 000
	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210

Opplæring og kompetanse har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingnivå	Budsjett
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring og kompetanse	31 583
	3 468 210

Sektoren melder om meirkostnader frå 2020 til 2021 på opp mot 40 mill. kr slik at den samla utfordringa er over 75 mill. kr slik det er vurdert no.

Heile 80 % av budsjettet innanfor denne sektoren gjeld løyvingnivået Vidaregåande opplæring i skule inkluder særskilt til rettelegging. Elevtalsutviklinga vil vere viktig for budsjettinnrettinga for dette løyvingnivået. Vidare vil inntaksmodell og reglar for klasseoppfylling spela inn. Fagfornyninga som det er lagt opp til dei komande åra vil krevja auka midlar. Som det største løyvingnivået innfor sektoren er det ikkje til å unngå at å gjere tilpassingar i skuledrifta for å møte utfordringane.

For løyvingnivået Opplæring i bedrift kan verknadene av koronapandemien spela inn. I kva grad pandemien vil innverke på talet på lærlingar vil påverka budsjettarbeidet. Etter kvart i budsjettprosessen vil ein få betre oversyn over dette. I mange tilfelle må det som alternativ opprettast eigne klassar. Fylkesrådmannen vonar at ein frå statleg hald kompenserer for deler av desse meirkostnadane.

Tala i tabellen ovanfor viser nettobudsjettet. Til drift av fagskule får fylkeskommunane øyremerka statstilskot og summen i tabellen er fylkeskommunen sitt driftstilskot utover statstilskotet.

Organisasjon og økonomi

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
735 019	-3 000	-6 000	-9 000	-12 000
	732 019	729 019	726 019	723 019

Organisasjon og økonomi har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingnivå	Budsjett
Politisk styring	55 444
Kontrollutval	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	213 411
Org og øk tiltaksmidler	9 000
	735 019

Strategisk utvikling og digitalisering

Oversyn over økonomiplanperioden saman likna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
169 884	-2 000	-4 000	-6 000	-8 000
	167 884	165 884	163 884	161 884

Strategi og digitalisering har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingnivå	Budsjett
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 980
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
IKT og digitalisering	119 666
	169 884

Avdelinga spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digitalisering i fylkeskommunen. Dette vert eit satsingsfelt i økonomiplanperioden.

Tannhelse

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
268 157	-3 000	-6 000	-9 000	-12 000
	265 157	262 157	259 157	256 157

Tannhelse har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingnivå	Budsjett
Pasientbehandling	234 991
Administrasjon av tannhelse	33 166
	268 157

Kultur, idrett og inkludering

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
311 765	-3 000	-6 000	-9 000	-12 000
	308 765	305 765	302 765	299 765

Kultur, idrett og inkludering har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingnivå	Budsjett
Arkiv	11 783
Bibliotek	12 619
Kulturformidling	16 636
Kulturarv	100 452
Idrett og friluftsliv	32 742
Inkludering, strategi - og analyse	20 319
Kunst og kulturutvikling	109 112
Administrasjon av kultur og idrett	8 101
	311 765

Sektoren har meldt om meirkostnader i 2021 samanlikna med 2020 på 4,5 mill. kr. Deler av summen heng saman med manglande statleg finansiering i samband med overføring av nye oppgåver frå 2020.

Infrastruktur og veg

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
1 167 692	-12 000	-24 000	-36 000	-48 000
	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692

Infrastruktur og veg har følgjande løyingsnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyingsnivå	Budsjett
Veg - drifts og vedlikehald	1 141 695
FTU-midler	16 376
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997
Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
	1 167 692

Sektoren melder at nivået på vedlikeholdstiltak må aukast i og med at mykje av midlane er knytt til bindingar i gjeldande driftskontrakar. Det er vidare behov for auke til dekkelegging for å kome i ein normal reasfalteringssyklus.

Med reduksjon i dei tilgjengelege driftsrammene, er det store utfordringar også i denne sektoren.

Mobilitet og kollektiv

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
2 519 154	-37 000	-74 000	-111 000	-148 000
	-88 000	-31 000	-48 000	30 000
	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154

Endringa i kontraktskostnadane i økonomiplanperioden er halden utanfor i rammejusteringa.

Mobilitet og kollektiv har følgjande løyingsnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyingsnivå	Budsjett
Buss	1 032 298
Bane	36 701
Båt	280 380
Ferjer	901 553
TT, Serviceskyss, innfartsparkering, teknisk Skyss	166 494
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
	2 519 154

Koronapandemien har ramma denne sektoren særleg hardt og ein kan frykte at sektoren vil få større varige verknader – i alle fall inn i 2021.

Innovasjon og næringsutvikling

Oversyn over økonomiplanperioden samanlikna med budsjett 2020 (tal i tusen 2020-kr):

Budsjett 2020	Ramme 2021	Ramme 2022	Ramme 2023	Ramme 2024
236 753	-3 000	-6 000	-9 000	-12 000
	233 753	230 753	227 753	224 753

Innovasjon og næringsutvikling har følgjande løyvingnivå med budsjettsummar (i tusen 2020-kr):

Løyvingsnivå	Budsjett
Verdiskaping byar/ regionar	128 078
Naturressursar, landbruk & reiseliv	33 413
Forsking, komp. & internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima & energi	14 448
Administrasjon av innovasjon & næringsutv	10 417
Utviklingsmidler	19 685
	236 753

Koronapandemien etter 2020

Fylkesrådmannen har fått vurderingar frå sektorane om kva varige verknader ein reknar med koronapandemien vil medføre – særleg for 2021, det fyrste året i planperioden. Bakgrunnen er å få oversyn over slike kostnader med sikte på eventuell kompensasjon frå sentralt hald. KS har gjort eit godt arbeid med dette i inneverande år. Om pandemien varer, vil det vere behov for kompensasjon frå staten også utover 2020.

Kollektivtransporten har særskilte utfordringar både med reduserte billettinntekter og lågare passasjertal på buss og bane av smittevernomsyn. Det er venta at det vil ta tid før reisetala tek seg opp att. Det er vanskeleg no å gje overslag over effekten for 2021, men fylkesrådmannen legg til grunn at reduserte kontraktskostnader frå 2020 til 2021 er ein buffer mot dette.

For dei andre sektorane er det vanskeleg no å gje overslag over effektar for seinare år. Det kjem heilt an på korleis pandemien utviklar seg.

Opplæringssektoren kan få auka kostnader med at lærlingar kan få lengd læretida. Det kan også kome kostnader som følgje av at det komande skuleår ikkje vert tilbod om klassar i utlandet. Det er elles meldt om auka kostnader til IKT-drift som følgje av den raske digitaliseringa den siste tida.

Administrativt effektiviseringsprogram

I arbeidsdokument 1/20 var det administrative effektiviseringsprogrammet omtala.

I neste arbeidsdokument kjem fylkesrådmannen attende til dette arbeidet. Tillitsvalde er oppnemnde til å delta i arbeidsgrupper knytt til dei aktuelle områda. Dette gjeld innanfor:

- HR
- Innkjøp
- Standardisering av IT-utstyr
- Budsjettspesifikasjonar
- Digitalisering
- Post/arkiv
- Rekneskap

Utgreiingsområde

I arbeidsdokument 1/20 la fylkesrådmannen fram aktuelle område for utgreiing for å få oversyn over potensiale for effektivisering og driftsinnsparingar. I arbeidsdokumentet var det lista opp mange utgreiingsområde.

Sektorane har sett i gang arbeid med dette, men for nokre sektorar har koronasituasjonen seinka arbeidet. Koronasituasjonen har påverka arbeidet for nokre sektorar. Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til dette i neste arbeidsdokument der det er naturleg å gjere vurderingar på eit meir detaljert nivå enn i eit økonomiplandokument.

Tilråding til prosessvedtak:

Finansutvalet viser til orienteringane om sektorbudsjett, koronapandemien, administrativt effektiviseringsprogram og område for utgreiing.

Finansutvalet legg til grunn slike sektorrammer for åra i økonomiplanperioden:

	BUDSJ. 2020	2021	2022	2023	2024
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
Sum sektornivå	8 876 634	8 688 634	8 645 634	8 528 634	8 506 634

Oppsummering av driftsdelen i økonomiplanen

Tabellen nedanfor viser samla oversyn over driftsdelen i økonomiplanperioden. Den årlege innsparingssummen i perioden er fordelt på sektorane i samsvar med gjennomgangen ovanfor. Dette er i samsvar med forskrifta for utarbeiding av budsjett- og økonomiplan.

Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til brev frå Kommunaldepartementet om dette, der departementet ber om å få vedteken økonomiplan oversendt for kontroll.

	BUDSJ. 2020	2021	2022	2023	2024
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-9 938 970	-9 933 770	-9 928 570	-9 923 370	-9 923 370
Andre generelle statstilskot	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-150 000	-157 000	-165 000	-165 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	833 900	868 300	931 900	1 041 000	1 133 400
Pensjonsutg/fellesutg/ løns- og prisvekst	44 839	44 839	44 839	44 839	44 839
Bruk/avsetning til fond	-70 000	46 400	27 600	38 300	-32 100
Overføring til investering	536 997	536 997	536 997	536 997	536 997
Sum felles inntekter og utgifter	-8 876 634	-8 688 634	-8 645 634	-8 528 634	-8 506 634
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
Sum sektornivå	8 876 634	8 688 634	8 645 634	8 528 634	8 506 634

5 Neste møte i finansutvalet

I samsvar med årshjulet i arbeidsdokument 1/20, vil fylkesrådmannen til neste møte i finansutvalet gå nærare inn på driftsrammene for komande år etter at fylkestinget i juni har vedteke økonomiplan for komande periode.

Utgreiingsområda og det administrative effektiviseringsprogrammet vert også nærare omtala i samband med spesifikasjon av driftsrammene.

Utviklinga i koronapandemien både på kort og lang sikt er det også naturleg å omtale i det neste arbeidsdokumentet.